



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 22.06.2020  
Vår ref: 15/00116-19  
Deres ref:

## Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Vangsnæs i Vik kommune. Tiltakshavar: Fosse Maskin & Transport AS.

Ladebekken 50  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon mottatt ved DMF 28. september 2018.

### 1. Konsesjonen

DMF tildeler Fosse Maskin & Transport AS, org. nr. 921 695 519, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavar får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Vangsnæs masseuttak på del av eideomen gbnr. 97/10 i Vik kommune. Mineralførekomsten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 27 daa og går fram av kart med tittelen «konsesjonsområde Vangsnæs – Vik kommune», produsert ved DMF 26. mai 2020, vedlegg 5. Området er i reguleringsplan for steinbrot på Vangsnæs, vedtatt 26. juni 2008, regulert til steinbrot. I tillegg til dette er området også i kommuneplanen for Vik kommune frå 2013-2024, vedtatt 26. juni 2014, øyremerkt til råstoffutvinning.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgeving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

### 2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### 2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

#### 2.2. Økonomisk sikkerheit



Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 050 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 4.

### **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

### **2.4. Andre vilkår**

Innan 2 måneder etter at konsesjonsvedtaket er treft, skal konsesjonsgrensa for massetaket setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Vangsnes steinbrot. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

## **4. Høyring**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring jf. forvaltningslovens § 17, hos desse høyringsinstansane: Vestland fylkeskommune, Vik kommune, Fylkesmannen i Vestland, Statnett SF, Statens vegvesen og andre høyringsinstanser slik det fremgår av adresselista til høyringsbrevet og adresselista til dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 25. mars til 6. mai 2020.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

#### Vik kommune:

Kommunen har i sin utsegn vist til at det i portalen Artskart:

*«(...) visar eit observasjonspunkt for fugleartar på dyrka mark, om lag 50 m nordvest for eksisterande massetak. Koordinatpresisjonen er 300 m. Her blei det i løpet av dei siste 10 år registrert nesten 900 enkeltobservasjonar. 92*



*observasjonar gjeld raudlista fugleartar, slik som den sterke trua arten vipe og ei rekke andre artar som er sårbarer eller nær trua. Døme her er sandsvale, taksvale, gulspurv, storospove og sanglerke.»*

Det heter vidare at kommunen ikkje har nok kunnskap for å vurdere om og eventuelt korleis masseuttaket påverkar kvar enkelt art, men at observasjonane er gjort når masseuttaket var i drift. Avslutningsvis vises det til at det ikkje er registrert fleire viktige miljøverdiar i området som er regulert til steinbrot.

**DMF sine kommentarar:**

*Vi har merka oss kommunens utsegn om observasjonane i området. Om dette vises det til vedtakets punkt 5.7 om dei miljømessige konsekvensane av utvinning og våre kommentarar til Fylkesmannen i Vestland sine utsegn. DMF minner for øvrig tiltakshavar om naturmangfaldloven.*

**Fylkesmannen i Vestland:**

Fylkesmannen har i sin utsegn vist til at kapittel 17 i avfallsforskrifta må etterkome dersom det oppstår mineralavfall i drifta. For drift av knuseverk, vises det til at forureiningsforskrifta kapittel 30 gjelder, og at forskrifta set krav til utslepp av vatn, støy og støv. Kva gjelder støv frå anleggsarbeid og trafikk, vises det til at Fylkesmannen forutset at tiltakshavar har utstyr og rutinar som omfattar bruk av vatn og salt i turre periodar for å redusere støvplager.

Fylkesmannen har også uttalt seg om naturmangfald. Om dette heter det at landbruksarealet som grensar mot steinbrotet er ein viktig rastepllass for fuglar på trekk vår og haust, og næringsområde for lokale fuglar heile året. Det vises vidare til at det i Naturbase er gjort 81 registreringar av artar av «*særleg stor forvaltningsinteresse*» og 33 registreringar av arter av «*stor forvaltningsinteresse*» frå området.

Fylkesmannen presiserer også at det i Artskart ligg inne heile 920 fugleregistreringar frå det nemnte landbruksarealet som grensar til steinbrotet. Om dette vises det til at:

*«(...) det går fråm av driftsplanen for det omsøkte steinbrotet at aktiviteten berre i liten grad vil påverke landbruksarealet. Sjølv om planområdet som er regulert til spesialområde steinbrot omfattar ein heil del av landbruksarealet sørvest for noverande steinbrot, ser det ut til at det meste av dette vil bli liggende urøyrt av drifta. Vi tolkar teikningane i driftsplanen slik at dei vestlegaste 50 metrane av planområdet skal ligge urørte, som ein del av skjerminga av steinbrotet mot vest, og at denne delen av planområdet fråmleis vil bli brukt som landbruksområde. Dette er eit viktig punkt, fordi dei mest sky fugleartane under trekket ofte bruker den vestlegaste og mest avskjerma delen av landbruksarealet som næringsområde.»*



Avslutningsvis vises det til at Fylkesmannen ikkje har informasjon som tilseier at det er spesielle naturverdiar i skogen sørvest på eigedomen som vil gå tapt. På bakgrunn av dette har ikkje høyringsinstansen særskilte merknader til at det blir gitt konsesjon, men at dette er på vilkår av at avgrensninga av steinbrotet skjer som vist på karta i driftsplanen, slik at aktiviteten ikkje i nemneverdig grad vil påverke eksisterande landbruksareal og bruken av det.

*DMF sine kommentarar:*

*Vi har merka oss Fylkesmannens høyringsutsegnene om kapittel 17 i avfallsforskrifta og forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF forutsetter at tiltakshavar setter seg inn i gjeldande regelverk og at desse følges. DMF ønsker vidare å merke at ein tillating etter minerallova, herunder driftskonsesjon, ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.*

*Kva gjelder støv, vises det til tiltakshavars søknadsskjema kor det heter at det «ved turre periodar vert det vurdert vatning og røys for å redusera støvplager ved steinknusing.» Tiltakshavar har også i driftsplanen forklart at «plasseringa, med naturleg skjerming og ein etablert voll i vest, og god avstand til nærmeste bebyggelse, gjer at støy og støv ikkje er til sjenanse for omgivnadene.»*

*DMF har vidare merka seg høyringsutsegnene om naturmangfold. Om dette vises det til søknadens punkt 3.2 om tiltakets påvirkning på naturmangfaldet, kor det heter at det «ut over avskoging og etablering av veg og steinbrot, vil ikkje drift av steinbrotet påvirka naturmangfaldet i området rundt uttaksområdet». Det vises også til vedtakets punkt 5.7 om dei miljømessige konsekvensane av utvinning. DMF forutsetter for øvrig at tiltakshavars godkjente driftsplan følges.*

*Statens vegvesen:*

Vegvesenet viser til at fylkesvei 5602 ikkje er utforma i tråd med vegnormalar N100, og føreset at det derfor opprettes dialog med Vestland fylkeskommune knytt til utvida bruk av denne tilkomsten. Vegvesenet har ingen andre merknadar.

*DMF sine kommentarar:*

*DMF oppfordrer tiltakshavar til å kontakte Vestland fylkeskommune i samband med utforming av fylkesvei 5602.*

## **5. DMF si vurdering**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.



Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

#### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gbnr. 97/10, datert 29. januar 2020, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

#### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 27 dekar og fremgår av kart med tittelen «konsesjonsområde Vangsnes – Vik kommune», produsert ved DMF 26. mai 2020, vedlegg 5.

Området er i reguleringsplan for steinbrot på Vangsnes, vedtatt 26. juni 2008, regulert til steinbrot. I tillegg til dette er området også i kommuneplanen for Vik kommune frå 2013-2024, vedtatt 26. juni 2014, øyremerk til råstoffutvinning.

#### **5.3 Prosjektets økonomi**

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

#### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.



I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 27 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 800 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 8 000 faste m<sup>3</sup>. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å planere og arrondere brotområdet etter avslutta drift.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Vangsnes steinbrot godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5. Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6. Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten**

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.



Tiltakshavaren har i søkeren gjeve opp Arve Hønsi som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskriftera. Vi har også merket oss at Arve Hønsi har tilgang til bergfagleg kompetanse i føretaket ved Harald Even Fosse, Terje Harbakk og Emil Fosse, og dette er lagt til grunn for vurderinga av godkjenninga av bergteknisk ansvarlig.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten.

### **5.7 Dei miljømessige konsekvensane av utvinning**

I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne. Det finst ein reguleringsplan og kommuneplan med konsekvensutredning for uttaket, vedtatt 26. juni 2008 og 26. juni 2014.

#### *Biologisk mangfald – naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, kommuneplanen, høyringsutsegnene og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomført januar 2020) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søkeren. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

DMF har ved eget søk i Artsdatabanken funnet ut at det i nærheten av det omsøkte området er gjort treff på fuglearten Vipe. Tiltakshavar opplyser også om at det i 1940 ble gjort en registrering av berghumle i Artsdatabanken. Søkeren om driftskonsesjon har vore på høyring, og DMF ba berørte myndigheter om å opplyse om det er kjente naturverdiar i området, og om det er forhold som bør hensynstas for å ivareta naturtypen og artene i området.

Vi mottok blant annet høyringsfråsøknad frå Vik kommune og Fylkesmannen i Vestland knytt til naturverdiane. DMF merke særleg Fylkesmannens utsegn om at de ikkje har informasjon som tilsier at det er spesielle naturverdiar i skogen sørvest på eiendommen som vil gå tapt. Fylkesmannen har, på bakgrunn av dette, ingen særskilte merknader til at det blir gitt konsesjon, men viser til at dette er på vilkår av at avgrensningen av steinbrotet forekommer som vist på kartene i driftsplanen, slik at aktiviteten ikkje i nevneverdig grad påverkar eksisterende landbruksareal og bruken av det.

Vi kan ikkje sjå at omsynet til naturmangfald er vurdert i reguleringsbestemmelsene. DMF har imidlertid merka seg konsekvensutredningen til kommuneplanen for Vik kommune, kor det blant anna heter at det i planområdet ikkje er registrert spesiell natur, kulturverdiar eller friluftslivinteresser. Tiltakshavar har også i søkeren opplyst om at det ikke er gjort noko med det som er oppdaga.



opplyst om at drifta, utover avskoging og etablering av vei og steinbrot, ikkje påverkar naturmangfaldet i området rundt uttaksområdet.

DMF vurderer at uttak av masser som omsøkt ikkje vil være i konflikt med forvaltningsmålet for naturtyper og økosystemer gitt i naturmangfaldloven § 4 eller forvaltningsmålet for arter i naturmangfaldloven § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastninga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. DMF kan ikkje sjå at det fremkommer merknader om at uttaket vil medføre en økt belastning ut ifrån det som fremkommer i søknaden. Vi legger derfor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta ytterligere vurderinger etter lovens § 10.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.8 Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Uttaksområdet skal vere sikra med gjerde, skilt og bom/kjetting. Brotkanten skal òg vere merka. Ifølgje tiltakshavar er det ikkje turstiar i eller i nærleiken av brotet.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjæråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Ifølgje tiltakshavar vil Vangsnes steinbrot dekke behovet for knuste massar i nærleiken og i kommunen.

#### **5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Etterbruken av området er ikkje avklart, men ifølgje tiltakshavar er slike planerte områder godt eigna for til dømes småindustri, lagerplass og liknande. Alternativt vert arealet opparbeidd som dyrka mark. Etter avslutta drift skal endeleg vegg vere reinska og sikra mot nedfall. Brotkanten skal vere sikra med permanent gjerde. Eventuelle kratervegger og skjemmande knausar skal vere sprengt ned og avrunda til meir naturlege terrenghformer. Midlertidige konstruksjonar, infrastruktur og skrot skal fjernast frå staden.



Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Ut i frå steinbrotet sin storleik, utstyr på staden og at det ikkje er planlagt permanente bygningar eller fundament, er det ifølgje tiltakshavar tilstrekkeleg med ein sikkerheit på NOK 180 000 for sikring og opprydding.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Ved berekninga av kor stor sikkerheita skal vere har DMF lagt vekt på nødvendige sikrings- og oppryddingskostnader som kan oppstå ved ein upårekna stans. Desse er hovudsakleg arrondering, vedlikehald av sikringsgjerder, reinsk og ingeniørgeologisk oppfølging.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 050 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### ***Bankgaranti – oppstartsfasen***

DMF vurderer det som nødvendig at Tiltakshavaren, før drifta startar, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp



på NOK 300 000. Dette er nødvendig for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 050 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 2,48 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 52 500 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 8 000 m<sup>3</sup>/år, tilsvarande om lag 21 200 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 2,48 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren underveis i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.



DMF kan også ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan også gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

### **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell også bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikke overdragast. Det gjeld også ved overdraging av utvinningsretten.

### **7. Plikter for tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

#### **Meldeplikt ved oppstart og stans av drift**

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal også sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

#### **Drifta skal utførast med varsemd**

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikke blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikke føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

#### **Forsvarleg sikring og opprydding**

Området skal sikrast slik at arbeidet ikke medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta også gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.



Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg.  
Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

#### **Ansvaret til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

#### **8. Rett til å klage**

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar. Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Vennlig hilsen

Maria Lauritzen  
seksjonssjef

Lena Røst Tonning  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturen.*  
Saksbehandler: Lena Røst Tonning

Vedlegg:

Vedlegg 1\_godkjent driftsplan  
Vedlegg 2\_avtale om finansiell sikkerhetsstillelse  
Vedlegg 3\_påkravsgaranti  
Vedlegg 4\_pantsettelseserklæring for enkle pengekrav



## Vedlegg 5\_godkjent konsesjonsområde

Mottakere:

Fosse Maskin & Transport AS	Elvegata 60	6893 VIK I SOGN
Fosse Maskin og Transport AS	Elvegata 60	6893 VIK I SOGN

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Vik kommune	Postboks 134	6891 VIK I SOGN
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN